



# KYSTVERKET

Vest

Fitjar kommune  
Postboks 83  
5418 Fitjar

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2019/611-3

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Turid Susort Jansen

Dato:

21.02.2019

## Fråsegn til planprogram og oppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 - 2040 - Fitjar kommune - Hordaland fylke

Syner til brev av 8.2.2019 vedkomne ovannemnde.

Kommunen har vedtatt planstrategi for kommuneplanen oktober 2018, og avgrensar planprogrammet til kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040. Kommunen vil likevel vurdere å oppdatere omtalen til nokre tema i KPA, blant anna: småbåthamner/fellesanlegg i sjø og akvakultur. Kystverket vil retta våre merknader mot desse tema.

For Kystverket er det viktig at kommunen tek omsyn til sjøtransporten i planlegginga. Farleiene er ein viktig del av transportnettverket, og er eit sentralt utgangspunkt for å kunne ivareta og forbetra tryggleiken, og legge til rette for effektiv sjøtransport. Kystverket har utvikla databasen «Kystdatahuset» for å gi god tilgang til sjøtrafikkdata. Kystdatahuset vil i løpet av mars 2019 bli tilgjengeleg for eksterne brukarar, og vi vil tilrå kommunen å bruke denne databasen i sin planlegging for sjøområda (innlogging via vårt kartprogram Kystinfo).

Kystverket stiller seg positiv til at Fitjar samarbeider med nabokommunane Stord og Bømlo ved utvikling av ny samfunnsdel til kommuneplanen. Kommunegrensar som går i fjordar og sund tek ikkje omsyn til farleiene, og det er viktig med dialog med nabokommunane ved planlegging av sjøområda.

### *Småbåthamner/fellesanlegg i sjø*

Ved planlegging av småbåthamner/fellesanlegg i sjø må ein ta omsyn til nyttetraffikken. Småbåthamn i kombinasjon med hamner til nyttetraffikken kan vera uheldig. Småbåthamna og fritidsbåtane kan verta påført skade frå større fartøy på grunn av manøvrering og propellvatn.

### *Akvakultur*

Plassering av akvakulturlokaltetar inkl. fortøyingar vil ofte få innverknad på sikkerheit og framkoma i farvatnet. Det er spesielt viktig at nye områder for akvakultur vert lagde i god avstand til farleiene, og at anlegg ikkje kjem innafør eller tett opp til seglingssektorar frå fyrlyktene.

### *Navigasjonsinnretningar*

Kystverket har eit overordna ansvar for fyrlykter, lanterner, overretter, stakar og jernstenger

#### Region Kystverket Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

m.m. i kommunen. Det må ikkje planleggast arealbruk i konflikt med navigasjons-  
innretningar. Det er spesielt viktig at det ikkje vert opna for tiltak som kan skjerma for  
seglingssektorar frå fyrlyktene.

Kystverket ser fram til ein god dialog med Fitjar kommune i planprosessen vidare. Gjer vel  
og ta kontakt ved spørsmål som gjeld sjøtransport og farleier ol.

Med helsing

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*